



Sak nr 40/2011

Møtedato: 16.11.11

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S626

S626, Nørre Trøllhøvd – klage over vedtak nr 37/2011

Jorunn Bråten Tvenge og Arvid Tvenge søkte den 31.8.11 om å føre opp eit tilbygg til selet på 32,4 m² (BRA). Eksisterande sel er på 43,2 m² (BRA). Samla areal etter påbygging blir 75,6 m² (BRA).

I sak 37/2011 gjorde fjellstyret følgjande vedtak: *Fjellstyret viser til saksutgreiinga og meiner det er godgjort behov for meir areal. Etter § 10 i stølsforskrifta godkjenner fjellstyret søknad om tilbygg, avgrensa opp til 70 m² (BRA) grunnflate på selet.*

Fjellstyret sitt vedtak nr 37/2011 er klaga over både av Statskog og Tvenge.

Statskog har i brev datert 12.10.11 klaga over fjellstyret sitt vedtak med grunngjeving at det ikkje er behov for å utvide arealet på selet for slik produksjon det er på stølen.

Tvenge har klaga over fjellstyret sitt vedtak i brev datert 21.10.11. Klagen er m.a. grunngjeven med at det ikkje er lagt nok vekt på urasjonell arealutnytting pga dette gjeld påbygg av eit gammalt sel. Tvenge viser til at det er godkjent 70 m² for dei som byggjer nye sel og kan utnytte arealet maksimalt. Det er ikkje mogeleg å få til dei same funksjonane innanfor eit gammalt hus og det må derfor kunne godkjennast eit areal slik det er søkt om.

Vedtaket gjort av fjellstyret etter §10 stølsforskrifta kan klagast inn for Statens landbruksforvaltning (SLF) etter reglane i forvaltningslova. Statskog har i eigenskap av grunneigar rettsleg klageinteresse og stølsbrukaren har klagerett som part i saka. Begge klagenes er sendt fjellstyret i rett tid.

Statskog har fått ei endra rolle etter endringar i stølsforskrifta. Statskog er i dag fyrst og fremst eit statsføretak som er å sjå på som grunneigar i statsallmenning på vegne av staten. Statskog skal ivareta sine interesser som grunneigar og skal ikkje vera forvaltningsorgan etter §10. Klagen er ikkje grunngjeven med at det er til ulempe for grunneigar.

Statskog har sidan 2005 klaga over fleire fjellstyrevedtak som gjeld oppføring av stølshus. Klagenes er i hovudsak grunngjeve med saksbehandlingsfeil ved at fjellstyret etter Statskog sitt syn ikkje har gjeve utfyllande nok grunngjeving for vedtaket. I denne saka har Statskog ikkje kunne bruke slike argument og det er klaga over fjellstyret si skjønnsvurdering. I denne klagesaka vil vi få ei vurdering av realiteten i tvisten mellom fjellstyret og Statskog; nemleg fjellstyret si skjønnsvurdering av behovet for hus.

Etter stølsforskrift skal det gjerast ei vurdering av behovet for stølshus. Den som skal vurdere behovet for den enkelte støl, må ha god innsikt i lokale tradisjonar og lokal driftsmåtar. Det er fjellstyret, med heimel i lov og forskrift, som er tillagt vedtaksrett for søknader om bygging på støl. Bakgrunnen for at fjellstyret har slik vedtaksrett, er at fjellstyret er best skikka til å gjera slik vurdering ut frå sin lokalkunnskap og kunnskap om stølsdrift.

SLF har heimel til å overprøve fjellstyret sitt vedtak, men det er viktige avgrensingar. I forarbeidet til fjellova (Ot.prp. 32, 1973-74) står det klart at klageinstansen skal vera tilbakehalden med å overprøve det lokale skjønnet. I forarbeidet står det følgjande; *Ein finn likevel grunn til å framheve at den omgjeringensretten departementet vil få må brukast med skjønsemd. - Lovutkastet byggjer på føresetnaden om at fjellstyret som før skal ha den reelle råderetten i eigne saker, og omgjeringensretten etter § 10 må ikkje brukast på ein slik måte at føresetnaden om dette vert skippla.* Det er ikkje slike klare føringar til forvaltningslova om lokal styringsrett. Slik sett står den lokale styringsretten sterkare etter fjellova enn etter forvaltningslova. SLF må i langt større grad vera forsiktig med å overprøve fjellstyret sitt skjønn etter vedtak med heimel i fjellova, enn det som følgjer av forvaltningslova. Dette har SLF i tidlegare klagesaker har teke omsyn til og har aldri overprøvd fjellstyret sitt skjønn.

Alle fjellstyrevedtak som har gått til SLF har vorte stadfesta etter fjellstyret har grunngjeve vedtaka tilstrekkelig og fjellstyret sitt skjønn er ikkje overprøvd. Statskog har fremma denne klagen for å få ei avklaring på kor store hus fjellstyret kan gi løyve til; *Nettopp derfor mener vi at denne saken bør behandles av SLF, slik at vi får en klarere pekepinn for hvor vi skal legge lista ved vurdering av slike type saker.* Dette har også vore utgangspunktet for Statskog i tidlegare klagesaker. I klage over fjellstyrevedtak 57/2007 (70 m² nytt sel) skriv Statskog at aktuell drift (beite med sau) ikkje har behov for husvære i det heile. Statskog skreiv vidare

at dei har klaga over vedtaket for å få avklara kor langt bruksretten går og kor langt lokal skjønnsvurdering skal kunne gå. SLF stadfesta fjellstyret sitt vedtak. I noverande klagesak meiner Statskog at stølsbrukaren ikkje har behov for areal ut over eksisterande 43 m². I klagesak over fjellstyrevedtak 10/2010 har SLF stadfesta at stølsbrukaren ved fôrproduksjon har behov for sel av ein høveleg storleik. I sak 10/2010 var det eit langt større areal enn 43 m². I møte den 25.10.11 med Statskog sin sakbehandlar opplyste saksbehandlar at det var viktig å få ei ny avklaring frå SLF for å få stadfesta kva grensene skal gå. Statskog tek ikkje SLF sine tidlegare vedtak til etterretning og vil på nytt prøve fjellstyret sitt skjønn.

I klagesak over fjellstyrevedtak 01/2008 grunngav Statskog klagen med at det ikkje var gjort ei god nok individuell behandling; *Statskog velger å påklage fjellstyrets vedtak i sak 1/2008 da vi mener at vedtaket i for stor grad fundamenteres på prinsipielt grunnlag fremfor en konkret vurdering den enkeltes støls behov slik det fremgår av merknader til seterforskriftens § 13 i rundskriv M-3/2007 fra LMD.* Det er eit paradoks at Statskog denne gongen ynskjer prinsipielt signal frå SLF om storleik på hus. Dette er motsett av det som vart hevda i klagesak 1/2008 om individuell behandling.

Det einast som er oppnådd med klagesakene frå Statskog, er at det har vorte meir byråkrati og seinare saksgang. Fjellstyret har god innsikt i kva som er nødvendig behov, utan at dette må overdokumenterast. Sak 10/2010 vart behandla i mange møter, befaringar, to omgangar i SLF og dette resulterte i ei dokumentmappe på over 200 sider. Fjellstyret opplever Statskog sin misbruk av klageretten som dårleg saksbehandling og gjer at saksgang blir nødvendig sein og arbeidskrevjande. Som SLF påpeikar i klagesak 10/2010, er det ikkje god forvaltningskikk å leggja opp til saksbehandling som forsinkar sakene.

Fjellstyret vil peike på at Vestre Slidre statsallmenning har det mest intakte stølsbruket i Norge. Ut frå både lokale og nasjonale mål, ser fjellstyret det som ei viktig oppgåve å legge til rette for å oppretthalde eit framtidig stølsbruk. Statskog må erkjenne at det er fjellstyret som skal gjera vurdering av behovet og det må bli slutt på å gjera sakene så arbeidskrevjande både for stølsbrukarane og fjellstyra. Dette er bortkasta ressursar, som i staden kan leggjast i å leggja til rette for næringsutvikling på stølane.

Til klagen frå Tvenge meiner fjellstyret at det er gjeve eit tilstrekkeleg areal ut frå drifta og kan ikkje sjå at det er dokumentert at nødvendige funksjonar ikkje kan innarbeidast i bygget.

Kari Tyldum fremma forslag om å oppretthalde tidlegare vedtak. Arild Bratrud fremma forslag om å ta klagen til Tvenge til følge. Kari Tyldum sitt forslag fekk fire stemmer og Arild Bratrud sitt forslag fekk ei stemme.

Vedtak:

Fjellstyret opprettheld tidlegare vedtak i sak 37/11 og etter § 26 i stølsforskrifta blir saka oversendt til SLF for avgjerd.

Vestre Slidre fjellstyre den 23.11.11

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Jorunn og Arvid Tvenge
Statskog
Statens landbruksforvaltning